

FØRSEG96.052

Sveio Kommunestyre sak nr. 52/97

Vedlegg nr. 1

FØRESENGR FOR REGULERINGSPLAN FOR DELER AV GNR. 121,
BNR. 9 I SVEIO KOMMUNE.

JD 1997001

GENERELT.

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense.

Planområdet er regulert til følgjande føremål:

1. BYGGJEOMRADER.
2. TRAFIKKOMRADER.
3. FRIOMRADER.

1. BYGGJEOMRADER.

Småbåthavn.

Området skal nyttast til småbåthavn med tilhørende anlegg.

Til anlegget kan det leggjast ut flytebryggjer og byggjast slipp.

På området kan det også først opp toalettanlegg og klubbhus. Før søknad om byggjeløyje for bygningene blir handsama, kan bygningsrådet krevja teknikninger som viser plassering og tilpasning med hensyn til høgder i forhold til omliggende vegetasjon og terreng.

Naustområde.

Området skal nyttast til byggjing av naust med tilhørende anlegg. Naustområdet kan delast opp i flere parsell. Storleiken på kvar enkelt parsell skal godkjennast av bygningsrådet. Nausta skal oppførast i ein etasje, og skal ikkje innredast til bustadføremål.

2. TRAFIKKOMRADER.

Terrenget innanfor siktrekantane skal til ei kvar tid vera rydda for sikthindringar høgare enn 0,5 m over køyrebanen.

I samband med framföringa av vegen, må det gjerast minst mogleg inngrep i terrenget. Evt. fyllingar må fa ei god landskapspleie.

JD 1997001

3. FRIMRÅDER.

Områdene skal liggja ubebygde.

SAMS FØRESEGNER.

Bygningsrådet skal under si handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form og materialval, og at bygningane får ei harmonisk utforming.

Ved side av desse føresegndene gjeld plan- og bygningslova og bygningsvedtekten.

5520 Sveio, 18. november 1996.